

REGLAR FOR LANDBRUKSFONDET I ÅRDAL.

Oppretta etter pkt. 22 i konsesjonsvilkår for A/S Årdal Verk, gjeven ved kongeleg res. 14. juli 1950.

Vedtektene for dette fondet omfattar:

- I - Bruken
- II - Plassering av midlane
- III - Styringa

I Bruken

Utdelinga skal vere ei påskjønning for tiltak innan jord-, skog- og hagebruk i Årdal kommune. Tilskot etter hjelp frå det offentlege skal ikkje vere til hinder for tildeling frå Landbruksfondet til same føremål, men skal takast med i vurderinga ved fastsetjing av tilskotssum frå Landbruksfondet.

Styret for fondet står fritt til å velje tilskotssats ut frå konkret søknad og føremål, og ut frå ei heilheitsvurdering av søknadsmassen og disponible midlar. Tilskot kan gjevast til einskildpersonar, grupper eller grend som går inn for tiltak som dette fondet skal fremje. Alle tiltak som skjer i samarbeid mellom fleire brukarar, og gjennom det gjev betre effekt enn tiltak kvar for seg, bør prioriterast ved tildelinga.

Når det vert søkt om midlar frå fondet til investeringar, må dette dokumenterast med kostnadsoverslag godkjend av landbruksetaten, eller rekneskap/kvitteringar. Investeringa må i alle høve vere utført før ein kan gje tilskot.

Er det føremålsteneleg kan utdeling til eit prosjekt fordelast over fleire år.

Fondet skal nyttast til:

1. Investeringar og tiltak i jordbruksnæringa, her og hagedyrking som næring.
2. Skogreisingsarbeid og skogkulturarbeid, samt andre tiltak som fremjar skogproduksjon.
3. Skogsvegar og jordbruksvegar som gards-, støls- og dyrkingsvegar, samt vedlikehald av desse.
4. Andre tiltak i kommunen som er med på å utnytte naturressursane og styrkje landbruksnæringa, til dømes ved gardsturisme, hyttebygging, utmarksnæringar, pelsdyravl og oppdrett av fisk og vilt.

II Plassering av midlane

1. Det faste fondet på kr 325 000,- plasserast i offentlig bank til høgast mogleg rente.
2. Det skal ikkje vere høve til å dele ut tilskot eller dekke utlegg av sjølve fondskapitalen.

III Styringa

- 3.1. Fondet skal ha eit styre på 5 medlemmer med personlege varamedlemmar valgt av kommunestyret.

Styret består av:

Ordførar med varaordførar som varamedlem.

Eit medlem og varamedlem valt av og mellom kommunestyret.

Leiar i landbruksnemnda med nestleiar som varamedlem.

medlemmer frå landbruket etter forslag frå landbruksorganisasjonane i Årdal.

- 3.2 Styret si funksjonstid følgjer den kommunale valperioden. Det vel seg imellom leiar og nestleiar.
- 3.3 Styret står føre utdelinga av dei årlege tilskot, og er ansvarleg for at fondsmidlane blir plasserte og forvalta i samsvar med vedtektene.
- 3.4 Leiaren for Årdal Landbrukskontor er styret sin sekretær og utarbeider framlegg for årlege tildelingar.
- 3.5 Økonomisjefen i kommunen skal vere kasserar og distriktsrevisjonen skal revidere rekneskapen.
- 3.6 Styret syter for at føremålet med landbruksfondet, godkjente vedtekter, og søknadsfristar blir ålment kjent gjennom lokalpresse og/eller oppslag/rundskriv.
- 3.7 Renter av fondet skal delast ut etter først å ha vore annonsert i lokalpressa og ved oppslag/rundskriv.
- 3.8 Styret står for utdelinga, som skal skje innan 1. mars kvart år.